



Notat

Dato: 03.01.2018
Arkivsak: 2017/465-15
Saksbehandlar: oysmons

Til: Tale Halsør

Frå: Øystein Monsen

Opo flaumkraftverk - kulturminnefagleg innspel

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Indre Sørfjorden er i nasjonal samanheng eit framståande døme på eit heilskapleg industrilandskap med tilhøyrande vasskraftlandskap som vart etablert i den andre industrialiseringa. Industrilandskapet Indre Sørfjorden har nasjonal verdi som kulturlandskap. Enkelte industriminne i dette landskapet er eineståande i nasjonal og internasjonal samanheng og difor freda etter kulturminnelova. Odda er oppført i Riksantikvaren sitt NB!-register. Industrilandskapet er konsentrert og heilskapleg. Historia i landskapet er lett å lese, og landskapet toler ikkje store strukturelle endringar i tettstadane, t.d. oppføring av store strukturar i den viktige siktlinia frå sjøen. Elles er dagens landskapskarakter ganske robust.

Tiltaksområdet for det vestlege alternativet strekk seg frå nordenden av Sandvinvatnet med deponi og inntak for flaumtunnelen ved Odda camping til utlaup og deponi ved Kleivavika i Sørfjorden vest for Odda sentrum.

I konsesjonssøknaden/konsekvensutgreiinga er det gjort greie for konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø i tiltaksområdet. Flaumsikringa vil kunne få positiv verknad for ein skilde bygningar langs Opo, og for Vasstun bru ved utsøt av Sandvinvatnet, då risikoen for skade på desse vil verte mindre ved etablering av flaumtunnel.

Dei negative verknadene for kulturminne i området som er omfatta av konsesjonssøknaden vert i konsekvensutgreiinga vurdert til å vere små, med unntak for bygningsmiljøet ved Kleivavegen - Bustebakken, der utfylling i sjø ved Sørfjordsenteret vil påverke omgjevnadene visuelt, med middels negativ konsekvens. Etter Fylkeskonservatoren sitt syn vil masseutfyllinga, slik ho er vist, i utgangspunktet ikkje kome i vesentleg konflikt med bustadene ved Kleivavegen – Bustebakken. Området for deponiet er førebels ikkje regulert, og det er heller ikkje lagt fram konkrete planar for framtidig bruk av arealet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor området som vert berørt av konsesjonssøknaden.

Vi har elles ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av området søker å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.